



Media

Vår ref. Arkiv Dato:
12/451-2 K1- 10.05.2012

Pressemelding

På bakgrunn av mediaoppslag om skuleleiinga ved Lærdalsøyri skule, finn rådmannen det rett å kome med følgjande presisering:


Rådmannen vil vise til at skuleleiing og administrativ skuleeigar er to ulike nivå med ulike ansvarsområde, jf. opplæringslova § 13 – 1, siste lekk. Skuleleiinga består av rektor og inspektør på dei aktuelle skulane. Administrativ skuleeigar er rådmann og pedagogisk rådgjevar.

Klagen sendt frå FAU (foreldrearbeidsutvalet) i februar er til handsaming på administrativt skuleeigarnivå. Dette er FAU gjort kjent med. Rektor blir då gjerne trekt inn i saksførebuinga, men det er rådmannen som er rett adressat for spørsmål om klagesaka. Rektor har såleis ikkje høve til å uttale seg utad om innhaldet i klagesaka før den er ferdig handsama. Dette informerte rektor om i møte i SU(samarbeidsutvalet) og SMU(skulemiljøutvalet) 29.03.12.

På bakgrunn av ovannemnde, tek rådmann sterk avstand frå den kritikk som er retta frå leiaren i FAU på FAU si heimeside, mot skuleleiinga og rektor ved Lærdalsøyri skule om manglande svar på den aktuelle klagen. Dette er tilhøve som rådmannen må ta ansvaret for. Rektor har rådmannen si fulle tillit.

Rådmannen kjenner seg heller ikkje att i den skildringa som leiar i FAU framstiller når det gjeld forholdet mellom skuleleiinga/administrativt skuleeigarnivå og FAU. Rådmannen meiner at skuleleiinga har svart på dei førespurnader ein har fått frå FAU. Rådmannen meiner og at skuleleiinga/ administrativt skuleeigarnivå har vist vilje til dialog om dei spørsmål som er teke opp av FAU, og teke omsyn til desse innanfor dei økonomiske rårer som er sett. Rådmannen meiner at det er svært viktig å ha ein god dialog mellom kommunen og brukarane, representert ved SU/SMU/FAU og elevrådet ved Lærdalsøyri skule, til det beste for både elevar og undervisningspersonale. Vi vonar at også FAU er open for slik dialog og samarbeid.

Med helsing


Alf Magne Hjellum
fung.rådmann